

Tr. H. K. Østby
55-239354



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

55-239354

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/79543-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.12.2016

Klage på vedtak - Avslag på ny avkøyrsløse - Fv. 565 - Gnr. 74 bnr. 17 - Radøy kommune

Statens vegvesen har mottatt klage etter veglova på avslag på søknad om ny avkøyrsløse frå fv. 565 hp 2 km 8,548 til grunneigedom gnr. 74 bnr. 4 i Radøy kommune. Avkøyrsløse skal nyttast av fritidseigedom gnr. 74 bnr. 17.

Relevante saksdokument som er vedlagt:

1. Søknad om avkøyrsløse - 23.05.2016
2. Kart til søknad - 23.10.2016. (datert 10.10.2000)
3. Samtykke til avkøyrsløse - 09.09.2016
4. Avslag på søknad - 03.10.2016
5. Klage på vedtak - 18.10.2016
6. Klage på vedtak - Vedlegg - Skøyte, skylddeling mm - 18.10.2016
7. Førehandstilsegn SVV 2001

28/3-17²
30/5-17

Saksopplysningar:

Vi mottok søknad om avkøyrsløse 23.05.2016.

Søknaden er grunngjeve med at det i dag vert nytta ei parkeringsløysing som er trafikkfarleg og ikkje har tilfredstillande sikt. Det er ikkje areal til å manøvrere køyretøy inne på tomte, og ein må difor rygge ut på fylkesvegen og helst ha med mannskap for å dirigere køyretøyet. Det vart gjeve eit førehandstilsegn til å byggje ny avkøyrsløse litt lenger sør i 2001, men klagar ikkje rakk å byggje den innan fristen på tre år. Fritidseigedomen er no meir i bruk av familien enn den var tidlegare.

Statens vegvesen ga 03.10.2016 avslag på søknad om ny avkøyrsløse til Fv. 565 i Radøy kommune.

Vedtak:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap